

Oppskrive av Sigurd Vollset

Måndalen i Romsdal

Møre og Romsdal
Voll herad
Måndalen

1
Folk uttrykte ja med å nikke på hovudet, - nei
med å riste på hovudet.

2
Før helsa dei på alle dei møtte, no berre på kjen-
ningar.

3
Det var ingen fast regel for kven som skulle helse
først når ein møtte kjende borte frå heimen. Var det
heime ved huset, helsa den som kom, først.

4
Ein sa: Takk for sist! (først sa ein ofte: Nei, goddag!)
Så tok ein kvarandre i hendene dersom det var lenge si-
dan sist ein møttest.

Møtte ein sambygdingar på vegen, sa ein: God morgon,
God dag, God kveld! Eller svært ofte: Godt mot (møte)!

5
Når bygdefolk møttest, tok dei ikkje av seg hatten.
Men møtte ein presten eller ein annan embetsmann, gjorde
ein det. Men då sa ein som regel ingen ting. Men stoppa
embetsmannen, så vart det handhelsing. Elles var det
ikkje alle bygdefolk som tok det på same måten.

6
Det tydde ingen ting sers om ein heldt hatten med
begge hendene eller om ein heldt huva under armen når
ein helsa.

7
Ein
Ein helsa stort sett på same måten enten ein var i
bestekledda eller ein var kvardagskledd.

8
Folk handhelsa på kvarandre når det var lenge sidan dei
hadde sett eller møtt kvarandre. Når ein kom på vitjing,
handhelsa ein først på dei vaksne, og somme gonger på
barna etterpå. Men det var ingen fast regel å helse på
borna på den måten. Når ein gjekk att, var det på same
måten.

9
Det var meir sjeldan at folk klappa kvarandre på aksla
som teikn på venskap eller glede. Men det hende då.

10

Det er ukjent her at folk tok av seg hatten om dei høyrde kyrkjeklokka. Var dei på åkeren og heldt på å arbeide, rette dei seg gjerne opp og vart ståande litt når dei høyrde kyrkjeklokka. Men dei tiok snart på att.

11

Når folk møtte likferd eller brurfylgje, gjekk dei til side og vart gjerne ståande til ferda hadde fare framom. Var det likferd, tok karane ofte av seg hatten. Men ikkje alle gjorde det.

12

Det er ukjent her i bygda at folk helsa på visse dyr eller ting.

13

Om morgonen sa ein "gomorn", når det leid til høgstdags, sa ein "goddag", og det sa ein til skuminga. Etterpå sa ein "godkveld". Kom ein inn i eit hus om kvelden, sa ein "gokveld", når ein gjekk att, sa ein "god natt". Når ein gjekk att om dagen, sa ein "farvel", - seinare tok **sønnel** til å seie "adjø". Når ein møttest på vegen, sa ein "godt mot" (møte), den andre svara og "godt mot". Ungdomane seier no "god middag", og "morn" - mest heile dagen.

14

Ingen synest det er usømeleg å seie "morn" midt på dagen eller etter middag eller om kvelden. Men mange synest det er rart og uhøveleg.

15

Sværa ved slike høve er oftast same ordet: "gomorn" eller "morn da" ("mårna").

16

Det er ikkje mange her som brukar denne helsemåten døgeret rundt. Men det finst.

17

Ein brukte desse helsemåtene når det høvde: "Signe arbeidet", "Bisigne strevet", "signe kvilda", "signe laget", "signe maten". Dette brukar dei eldre den dag i dag. Dei unge brukar det lite eller inkje.

18

Andre ord med "signe" er t.d. "signe spis". Etter desse helsingane svara ein alltid: "takk".

19

"Goddag inne og" er ukjent her - etter å ha sagt goddag ute.

20

Ein bar seg ikkje åt på nokon ekstar måte om ein vilde tale med husfaren åleine. Ein bad berre om å få tale med han"under fire augo"eller"i einrom".

21

No bankar dei aller fleste på døra før dei går inn. Det finst kanskje att ein eller annan gamal som ikkje gjer det. Før var det mange som ikkje banka på før dei gjekk inn, og for lang tid sidan var det nok ingen som var så "fin på det".

22

Inne svara dei: "kom inn". No seier mange:"ja".

23

Når han kom inn, vart han ståande ved døra til dei bad han "komme inna", eller: "du må komme inna".

24

Skikken var den at han tok av seg huva straks han kom inn, dersom han i det heile tok ho av seg. Folk gjorde så ymse med det før. No tek alle av seg huva når dei kjem inn. Unnatak finst.

25

Til den som venta ved døra, sa ein: "du må komme inna" eller "kom og set deg ned" eller "du må setje deg ned".

26

Til born sa ein berre: "Var det noko du ville?"

27

Ein hadde ikkje nokor sers helsing til heilt framande. Var dei venta, sa ein: "Ja, du må vere velkomen!" eller "velkomen til gards". Mange handhelsa og sa: "Takk for sist!" om dei ikkje hadde sett den framande før.

28

Eg har sett det har vore tørka av stolen når den framande skulle setje seg ned. Det vart gjort til kjenningar og somme gonger. Elles var ein meir still og reservert når framande kom.

29

Når innbødne gjester kom, sa ein: " Då får vere velkomen!", eller berre "velkomen". Ein handhelsa ikkje alltid då.

30

Som før nemnt, sa ein til farvel: "farvel" eller (iseinare tid)"adjø". Dei som att var, svara med same ord.

1188

31

Ved avskil for lang tid sa ein: " Du får leve så vel," og så tok ein einannan i handa. Ved avskil, truleg for ~~XXXXXX~~ alltid, var ein heller still, men ein sa ofte dei same orda då og.

32

Det var ikkje skikk å kysse kvarandre til avskil.

33

Fell vekk .

34

Det var ingen ander måtar å gjere munn på.

35

Å kysse på handa er ukjent her. Det kan vere at for ~~XXXXXX~~ eldra (mora) gjorde det somme gonger.

36

Fell vekk.

37

Å kysse si eiga hand er ukjent her.

38

Ordet "misse" har vore brukt i eit slikt høve.

39

" Å byte nase" har vore brukt somme gonger når det galdt born.

40

Det var mora eller faren som gjorde det.

41

Skikken "å stele nasen" til barnet ved å knipe han mellom to fingrar har vore - og er - brukt. Ein sa oftast i eit slikt høve at "eg skal ta nasen din".

42

Å leggje kjake mot kjake kalla dei "å vere god med". Det har vore brukt.

43

Denne skikken var sjølvsagt brukt først og fremst mellom foreldre og born. Sjeldan mellom vaksne.

44

"Til lukke" har vore - og er - svært mykje brukt. Det var ved bryllaup, barnedåp, gebursdag, når ein hadde fått noko gildt, hadde vunne noko, i slike høve brukte ein og "gratulere".

45

"gledeleg jul" eller "gledeleg fest" har vore brukt i jula. Til nyår var det "godt nyår". Til påske og pinse "gledeleg høgtid" eller "gledeleg fest". Til andre dagar og tider var det som ovafor nemnt mest brukt "til lykke med dagen" eller "gratulerer".

46

I seinare tid har "kondolerer" vore brukt ved dødsfall og motgang elles. Elles tok ein ofte før kvarandøe i handa og sa ingen ting. Det skulle gi uttrykk for sorg og medkjensle.

47

Ein tok i handa og sa "takk" eller "mange takk" eller "så får du ha takk", eller "ja, no vil eg seie så mykje takk".

48

Å takke for seg på vegne av den avlidne har ikkje vore brukt her.

49

Å vise vanvyrndnad ved fakter har i grunnen ikkje vore så mykje brukt her. Somme har slege ut med handa, eller blåse ut eit: "Pø" eller noko liknande.

50

Før sa mest alle "du" til kven det var. No ei seinare tid seier dei fleste "De" til prest, dokter, skrivar og andre framande såkalla høgre persinar. "I" eller "Jer" blir ikkje brukt no.

51

Det er sjeldan ein høyrer nokon seier "han" eller "ho" i stadenfor du eller De. Men eg har høyrte det har vore brukt.

Tilleggsliste til nr. 36.

Måter å refse folk på.

1

Eg kan godt hugse at ein i slåttonna på slåtteteigen ~~XXXXXX~~ "slo på holm" den som var noko sein av seg, så han ikkje heldt fylgje med dei andre. Likeeins "skar dei på holm" den som ikkje skar fort nok, så han vart etter. Det var skam å bli slegen eller skoren på holm.

2

Det som er nemnt i sp. 2, er ukjent her.

3

Det var skikk å dra rundt å rise folk i jula, enten julenatta eller seinare i jula. Kjerre eller båt på taket er ukjent.

4

Ein la visstnok ikkje noko serleg namn på folk som gjekk ut på vitjing 1. juledagen, men ein syntest det var svært uhøveleg. Det var nok ikkje mange som ville gjere det.

5

Eg har ikkje høyrte at det vart sagt noko sers til den som ikkje fekk noko nytt julaftan.

6

Utnemne på folk som forsømde noko tradisjonelt påbod eller gjekk glipp av noko, har eg ikkje høyrte. ~~NOKE~~